

Svar på tilleggsliste til nr 4.
Skav.

1. Her i vår bygd har ein ikkje hørt at krøterhandlarane betalte meir for kyr som hadde fått skav enn for kyr som ikkje hadde fått.

2. Eg har ikkje hørt her at folk trudda kyr som hadde fått mykje skav fekk svart kjøt, eller at for mykje skav sette vond smak på kjøtet så det vart vanskeleg å få solgt.

3. Det var ikkje brukt så mykje skav her at det sette noko nennande smak på mjølka, i alle fall ikkje så mykje at ho vart ubrukeleg som for til kalvar og smågriser. Os og rogn sette mest smak, bjørk minst.

4. Det var ingen fast regel her at ein skulle ha skav kvart år; det var brukt berre som nødsfor.

5-6. Her bruka ein berre vanleg tollekniv til å skava med og korlis har vart brukt har eg fortalt om i emne nr. 7.

7-8. Her nytta ein i grunnen ikkje så mykje skav, og mest alle hadde nok skog til det.

9. Dersom ein ikkje hadde noko sjølv så trur eg ikkje nokon mislika at ein tok til skav i almueninga. Det var jo for å avhjelpe nånnda så det vart gjort.

10. Flismennene fekk i alle fall så skav i utmarka til husbonden sin.

11. Ordet skavhelle er heilt ukjendt her.

12. Ein trüdde heller ikkje at dei underjordiske gjorde noko gale med skavet.